



Arne Garborg på  
Knudaheio.  
Foto \*Asker Museum.

## Njelvur med Vibur og Heluna

Jærmål og midlandsmål hjå Arne Garborg  
og Viba skreik og Raudstelken slo, og Aakerhøna riksa i Engine  
(Fred, Garborg 1980b: 18)

INGE SÆRHEIM

*Tittelen på denne artikkelen er heimsleg for mange jærbruar, men kan hende meir uforståeleg for dei yngre. Her fører Inge Særheim oss inn i Arne Garborg si målform og målføring. Det er forvitneleg å lesa om korleis Garborg nyttar ord frå jærmålet i romanane sine.*

I dei skjønnlitterære verka sine valde Arne Garborg (1851-1924) å nytta ei målform som er godt tilpassa uttalen og bøyingsmåten i dei såkalla midlandsmåla, dvs. dialektane i dalbygdene midt i landet. Dette gjennomførte han i den endelege utforminga av Kristiania-bøkene frå 1880-åra og av Jær-diktinga frå 1890-åra. Også i anna skriveverksemd på landsmålet vart midlandsforma normgrunnlaget hans kring det førre hundreårsskiftet (1900).

Mange som les diktverka til Garborg, vil likevel meina at det er mykje vestlandsmål i bøkene hans – først og fremst jærmål. Han har nytta mange ord og uttrykksmåtar som er særmerkte for sørvestnorske målføre. Særleg i *Fred* (1892), som Garborg sjølv omtala som sin "naturalistiske Jær-Roman" (Garborg 2001: 89), vil ein finna slike drag, dessutan i boka *Knudaheibrev* (1904), der han m.a. fortel om sin eigen oppvekst på Garborg i Time. I det sistnemnde verket har han teke med mange ord og vendingar frå heime-

miljøet, og han har stundom lagt inn opplysningar om tydingar av orda og målbruken.

Ved å sjå nærare på målforma og målføringa i diktverka til Garborg, t.d. i *Fred*, kan ein få innsyn i dei ulike språkvala som forfatternen har gjort, m.a. når det gjeld uttaleattgjeving, bøyingsformer og ordbruk. Eit aktuelt spørsmål å stilla er om ordtilfanget og andre sider ved språkføringa har samband med dei emna som forfatternen tek opp, og dei miljøa han skildrar, og om ordbruken og målføringa slik sett har visse litterære funksjonar. Det er dessutan naturleg å spørja om dei ulike stilideala og normeringsgrunnlaga kjem i konflikt med kvarandre, eller om dei utfyller kvarandre på ein naturleg måte.

### Midlandsmål som normgrunnlag for uttale og bøyingsmåte

Kring det førre hundreårsskiftet var Garborg den fremste forsvararen av målreising på norsk folkemåls

grunn. Han hadde skrive bøker og større artiklar om språkspørsmålet, m.a. *Den ny-norske Sprog og Nationalitetsbevægelse* (1877), *Norsk eller Dansk-norsk?* (1888) og *Vor Sprogudvikling* (1897). Det aller meste av den skjønnlitterære produksjonen til Garborg er skriven på landsmål (nynorsk), og dette skriftmålet nytta han òg som redaktør og journalist, dessutan i somme artiklar og utgreiingar.

Garborg tok landsmålet i bruk i 1877, både som skjønnlitterær forfattar og som redaktør av det nystifta bladet *Fedraheimen*. Som brukar av dette målet måtte han ta stilling til fleire normeringsspørsmål, både når det galdt målforma og stilen, for landsmålet hadde ikkje ei fast form på denne tida. Fleire skribentar som nytta landsmålet, hadde valt eit anna normeringsgrunnlag enn det Ivar Aasen gjorde framlegg om i 1850- og 1860-åra.

Som redaktør av *Fedraheimen* nytta Garborg skrivemåtar og bøyingsformer som var godt i samsvar med Aasen-forma. Men av brev som han skreiv seinare (jf. Garborg 1980f: 186), går det fram at han alt då meinte at det trongst ein enklare skrivemåte for å få med folket.

Også som målpolitikar gjekk Garborg sterkt inn for at det nynorske skriftspråket skulle byggja på midlandsmåla – først og fremst telemålet (jf. Særheim 2001b). Han la til grunn at norsk åndsliv i denne delen av landet – midlandsområdet – har levd ubrote heilt frå gammal tid, noko som m.a. har kome til uttrykk i ei rik folkedikting.

Som medlem av den første rettskrivingskomiteen for landsmålet, sett ned av Kyrkjedepartementet i 1898, var Garborg i januar 1899 med på å leggja fram tilråding

til skrivereglar for landsmålet. Fleirtalet i komiteen (Arne Garborg og Rasmus Flo) understreka at målformer som er i bruk i dalbygdene midt i landet, har spesiell tradisjon i norsk, nemleg i folkediktinga, og at slike mål difor bør vera eit mønster for norsk målføring. Fleirtalet rådde til å ta inn i landsmålet bøyingsendingar med dei tre vokalane *-a*, *-i* og *-u*, t.d. med fleirtalsformer som *bjørkir* – *bjørkine*, *øykir* – *øykine*, *sønir* – *sønine*, *kyrkjur* – *kyrkjune*, *furur* – *furune*, *brørar* – *brørane*, *geitar* – *geitane*.

I eintal av linne hokjønnsord som er jamvektsord (med opphavleg kort førstestaving), føreslo dei bøyingsmåten ei *furu* – *den furo*, medan dei i dei andre linne hokjønnsorda føreslo *ei snare* – *den snara*. Dei ville dessutan ha kløyvd infinitiv, t.d. *vera* og *fara* med *-a*, men *finne* og *gløyme* med *-e*, i samsvar med mønsteret i midlandsmåla.

Etter at to skulemenn hadde uttala seg om framlegget og støtta tilrådinga frå mindretalet (Marius Hægstad), som låg meir opp til Aasen-normalen, fekk komiteen saka attende. Dei tre medlemmene slutta seg no samrøystes til Hægstad-framlegget, men midlandsforma vart føreslått som ei alternativ sideform, tillaten til skriftleg bruk for elevane i folkeskulen. Dette vart òg vedteke.

Garborg tok til å bruka midlandsformene frå kring 1900, og han skreiv også dei tidlegare diktverka sine om til denne normalen.

### Målforma i Garborgs dikting

Når det gjeld val av former i den litterære produksjonen til Garborg, reknar Johs. A. Dale (1950: 60 ff.) med fire periodar, med midlandsformene som den fjerde og siste

perioden. I dei tre føregåande periodane hadde Garborg gradvis fjerna seg frå Aasen-normalen.

Han tok bort nokre 'stumme konsonantar', m.a. i ord og ordformer som *Huse*, *funne*, *noko*, *anna*, *kva*, *Hovu*, *greia*, *kasta* (gjeld 2.–3. periode). Elles tok han inn nokre former frå austlandsmåla, som *a*-ending i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord, t.d. *Skaala* (2. periode), og i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord, t.d. *Husa* (2. periode). Med mønster i m.a. midlandsmåla nytta han endingane *-ur* og *-urne* i fleirtal av linne hokjønnsord, t.d. *Visur*, *Visurne* (1.–3. periode). Han gjekk likevel ikkje så langt bort frå Aasen-forma som nokre andre landsmålsbrukarar, t.d. Fjørtoft og Vinje.

Viktig for Garborg var nok det reint estetiske ved midlandsmålet, dvs. rikdomen av former og klanger, ikkje minst som verkemiddel i lyrikk, t.d. i enderim. Mykje å seia hadde truleg òg den tradisjonen som folkediktinga representerte, altså det kulturhistoriske.

Romanen *Fred*, som kom i 1892, er av Dale (op. cit. 60 f.) plassert i den andre perioden når det gjeld val av målformer. Til denne perioden reknar Dale òg Kristiania-romanen *Hjaa ho Mor* (1890) og brevboka *Kolbotnbrev* (1890). I denne perioden nytta Garborg ei målform som låg nær Aasen-normalen frå 1864 (*Norsk Grammatikk*), men på nokre punkt fjerna han seg frå denne norma.

Medan Aasen skil mellom sterke og linne hokjønnsord i bestemt form eintal, med endinga *-i* i dei sterke og *-a* i dei linne (*Skaali*, *Visa*), nyttar Garborg i denne perioden same endinga, nemleg *-a*, i baa typane (*Skaala*, *Visa*). Også i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord nyttar Garborg no endinga *-a* (*Husa*),

mot Aasens *-i* (*Husi*). I den første perioden, t.d. i Kristiania-romanane *Bondestudentar* (1883) og *Mannfolk* (1886), følgde han Aasen-normalen på desse punkta.

I den andre perioden har Garborg med andre ord gått bort frå det såkalla *i*-målet. Men seinare skulle han ta det inn att. Målføregrunnlag for *i*-målet finn ein først og fremst i midlandsområdet, men også andre dialektar har skilje mellom sterke og linne hokjønnsord i bestemt form eintal, m.a. eit område som grensar til Garborgs heimbygd, nemleg Ognå, Bjerkreim, Helleland, Heskestad og Eigersund.

I fleirtal av linne hokjønnsord nyttar Garborg i den andre perioden endingane *-ur* (ubestemt form) og *-urne* (bestemt form), t.d. *Visur* og *Visurne*, mot Aasens *-or* og *-orna* (*Visor*, *Visorna*). Garborg nyttar vokalen *-u* i alle fire periodane, men han tek bort *r*-en i bestemt form i den fjerde perioden (*Visune*). Seinare (etter 1914) tok han inn att denne *r*-en. Også i fleirtal av andre substantivklassar held han i den andre perioden på *r*-en i bestemt form, t.d. *Hestarne*, *Skaalerne*, som Aasen (*Hestarne*, *Skaalerna*).

Garborg nyttar i den andre perioden *a*-infinitiv i verba, som Aasen, t.d. *lesa*, *skriva*, *noko* som høver med Garborgs heimemål, jærmålet, som er eit *a*-mål. Han følgjer òg Aasen når det gjeld bruken av vokalen *-e* i trykkveik stilling i fleirtal av somme substantivtypar og i nokre andre ordklassar, t.d. *Kvister*, *Føter*, *Skaaler*, *Bøker*, *funnen*, *open*, *yver*. Seinare (etter 1900) skulle han nytta *-i* eller *-a* i slike ordformer (*Kvistir*, *Skaalir*, *funnin*, *opin*, *yvi*; *Føtar*, *Bøkar*), i samsvar med bøyingsmåten i midlandsmåla.

I den andre perioden tek Garborg bort nokre stumme

*t*-ar og *d*-ar i utlyd og innlyd. Han skriv t.d. *Huse, funne, noko, anna, kva, Hovu, greia, kasta*. Aasen heldt på den 'historiske' konsonanten i slike høve: *Huset, funnet, nokot, annat, kvat, Hovud, greida, kastade*.

Garborg skreiv, som nemnt, dei tidlegare verka sine om til midlandsmål etter at han kring hundreårsskiftet hadde gått inn for dette normgrunnlaget som medlem av ein rettskrivingskomité for landsmålet. I hans 'endelege' versjon av romanen *Fred*, frå verkutgåva *Skriftir i Samling* (1908/09 og 1921/22), er det såleis midlandsnormalen som er nytta. Her finn ein t.d. *i*-målet (*Skaali, Husi*), kløyvd infinitiv (*lesa, skrive*) og annan vokalbruk i trykkveik stilling som høver med midlandsmålføra, t.d. *Kvistir, Skaalir, Føtar, Bøkar, funni, funnin, opin, yvi*.

Linne hokjønnsord som er såkalla jamvektsord (med opphavleg kort førstestaving), får *-u* i ubestemt form (*ei Sogu*) og *-o* i bestemt form (*den Sogo*). I bestemt form fleirtal av substantiv tek han bort den opphavlege *r*-en og skriv t.d. *Visune, Hestane, Skaaline*. Som i den andre perioden, utelet han stumme *t*-ar (*Huse, funne* mfl.), men han tek inn att nokre stumme *d*-ar (*Hovud, greida*; men *kasta* i preteritum).

Når det gjeld uttale- og bøyingsformer, ligg med andre ord førsteutgåva av *Fred* (1892) klart nærare Garborgs heimemål, det jærseke *a*-målet, enn hans endelege utgåve frå verksamlinga *Skriftir i Samling*. Det gjeld m.a. bruken av *a*-infinitiv (*lesa, skriva*), av same endinga (*-a*; målføret har *-å* eller *-o*) i bestemt form eintal av sterke og linne hokjønnsord (*Skaala, Visa*), dessutan i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (*Husa*), dessutan *-e* i trykkveik stilling i fleirtal av nokre substantivklassar og i nokre andre

ordklassar (*Kvister, Føter, Skaaler, Bøker, funnen, open, yver*).

Det var i 1902 at Garborg tok til å nytta midlandsformene konsekvent, t.d. i 3. utgåva av *Ein Fritenkjar* og 5. opplaget av *Haugtussa*. På denne tida er hans skjønnlitterære skaparperiode så godt som over. I *Helheim*, som av mange vert rekna som hans siste eigentlege diktverk, kom i 1901. Der er midlandsformene berre delvis gjennomførte. Men i *Heimkomin Son* (1908) har han nytta midlandsformer. Det er med denne bakgrunnen at Dale (1950: 55) skriv at "i den forma som dei aller fleste les Garborgs verk no – midlandsforma – *har han ikkje skrivi eit einaste av sine diktverk*".

Dale (op. cit. 59) peikar på at Garborgs midlandsformperiode i røynda berre vara frå kring 1902 til 1914. I det nemnde brevet til Lillehei (17.2.1914) skriv Garborg at midlandsforma "fekk ikkje mange Forfattarar med seg (og hev no ingen; eg sjølv finn det best no aa halde meg til ei Millomform som berre nettupp skal vise, at eg ikkje held Formspursmaale for avgjort)" (Garborg 1980f: 186).

Garborg nytta ikkje midlandsforma i dei viktigaste arbeida frå åra etter 1914, t.d. i omsetjinga av *Odyssevskvædet* (1918) og *Ramakvædet* (1922), eller i *Dagbok* (etter 1914). I nokre omsetjingar av Holberg-skodespel frå denne perioden har han jamvel brukt *a*-infinitiv, kanskje av omsyn til skodespelarane. Noko eigentleg 'mellomform' mellom midlandsnormalen og den offisielle hovudforma kan ein knapt tala om i desse åra (1914–1923).

#### **Normgrunnlag for stilen og målføringa**

At landsmålet skulle byggja på folkevisemålet, særleg

telemålet, var altså Garborg sjølv med på å praktisera, i si eiga skriveverksemd, i tillegg til at han gjekk inn for dette i målpolitisk arbeid, m.a. som medlem av ein rettskrivingskomisjon for landsmålet.

Det språklege grunnlaget i telemålet er særleg tydeleg i diktverket *Haugtussa* (1895), der folkevisetonen kling med. Det klangrike og sangbare språket i dikta er nok hovudgrunnen til at så mange komponistar har blitt inspirerte til å tonesetja utdrag av dette verket. Ein av dei er Edvard Grieg, som skal ha sagt om *Haugtussa* at "Selve Sproget er Musik". I eit brev (1895) til den nederlandske venen Julius Röntgen skriv han om denne diktsyklusen: "Det er virkelig en helt genial bok, der musikken egentlig allerede er komponert. Man behøver bare å skrive den ned" (Stavland 1994: 64).

Av dei skjønnlitterære verka til Garborg er det truleg *Haugtussa* som flest menneske har kjennskap og eit forhold til. Likevel er det nok som prosaist at Garborg har hatt mest å seia. Han tok opp mange emne i prosaen sin og han utvida bruksområdet til landsmålet sterkt. På dette feltet var han ein nybrottsmann.

Også når det gjeld forteljning på prosa, meinte Garborg at det nynorske stilidealet burde søkjast i norske innlandsmålføre. I den sjølvbiografiske forteljninga *I Heiane* (1900) konkluderer han med følgjande ord etter å ha site og høyrte på gode forteljarar ein kveld i Setesdalen – i "Ljørestogo hjaa Gunnar Drengsson paa Ose":

Det var nynorsk Sogustil rein og fast; den gamle Klang og Fynd, med dette nyare Drag av mjukare Kjensle, Songtonen. Og Maalet smøygde og bøygde seg um Tanken ledugt og lett, med ein Rikdom som alltid fann rette Ordet. Tekin og modlaus sat eg og høyrde paa. Det var her ein skulde lære norsk Stil; og so hadde eg

gjengi burt mine beste Læreaar ute i den store Stilrøra.

(Garborg 1980d: 268)

I denne reiseskildringa fortel Garborg òg om møtet med ein god språkbrukar frå hans eigne heimetrakter, nemleg "ei gamal brun Kjering" på Mjåland i Østabødalen (Forsand, høyrer no til Gjesdal). Både målforma og den sikre målføringa hennar gjorde inntrykk på han:

Ho lærde meg paa denne Stundi noko som alle mine Skular ikkje hadde kunna segja meg, og som eg sjølv ikkje hadde lagt Merke til fyrr: at Bygdemaalet mitt var vent, og at det hadde ein Forteljekunst.

(Garborg 1980d: 252)

I *Knudaheibrev* fortel Garborg om fleire gode forteljarar som han møtte under oppveksten i Time. Dei vart modellar for han når det gjeld forteljekunst. Ein av dei var hans eigen farbror, Ola Garborg, som òg på andre måtar fekk mykje å seia for unge Aadne:

Han hadde Sogur fraa Sjø og Land, fraa Handel og Vandel, um Moro og Aalvor og alle Ting, og han fortalde so ein kjende at han var med i Sogune sine. Aldri veit noko Menneskje kva Hjelp slik ein Sogumann kann vera for eit Barn; fraa desse Aari av vart eg reint serskilt glad i 'n Farbror. Han var i vaart avstengde og inne-stengde Hus sjølve den livande Verdi som braut inn med sitt Liv og sitt Spél; og fyrst og fremst var han det gamle Jæren og det gamle Garborg.

(Garborg 1980e: 209 f.)

Garborg nytta, som nemnt, landsmålet som redaktør og journalist, t.d. i *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*. Han skreiv dessutan lange artiklar og faglege utgreiningar på dette målet, som *Jesus Messias, Den burtkomne Messias, Fri Forhandling* og *Straumdrag*, og han viste med dette at målet høvde i ulike sakprosaenrar. Også dagbøkene og mange brev er skrivne på landsmålet. Slik var han med på å utvida bruksfeltet for målet.

Somme har peika på at Garborgs kunnskapar og dugleik i baa språka – dansk og norsk – var til bate for den stilistiske utforminga hans. I 1892 understrekar t.d. Aksel Arstal at Garborgs "sjelden klare stil" har samband med at han "med like stor letthet uttrykker sig paa – man kan gjerne sige – to sprog. Foruden at vidne om en enestaaende sprogsans maa denne omstændighed have – bevidst eller ubevidst – virket i aller høieste grad rent sproglig slibende paa hans udtryksmaade".

Som Aa. O. Vinje såg elles Garborg den nære sammenhengen mellom det folkelege og det klassiske, t.d. mellom den målføringa som han møtte hjå gode forteljarar under oppveksten, og språkføringa og stilen i tekster på gresk og latin som han las på studentfabrikken i Kristiania.

Fleire forskarar har understreka at målføringa til Garborg både i diktinga på prosa og poesi er svært stilsikker. "Det er visseleg ingen norsk diktar som har spela på eit så mangstrengja stilistisk instrument som Garborg", skriv Johs. A. Dale i avhandlinga si om Garborgs språk og stil (1950: 258). Garborg sa sjølv at han i diktinga let forma retta seg etter emnet.

Dale peikar på at det mest særmerkte med språkb Bruken til Garborg er meistringa av og skiftinga mellom ulike stilarter, t.d. i så ulike verk som *Av laak Ætt* (1878), *Hjaa ho Mor* (1890), *Trætte Mænd* (1891), *Haugtussa* (1895) og *Den burtkomne Faderen* (1899). Det førstnemnde er ei 'bondeforteljing', inspirert av Bjørnson og sagastilen, medan *Hjaa ho mor* er ein naturalistisk roman frå arbeidarmiljø i Kristiania. *Trætte Mænd* er ein dagbokroman i impresjonistisk stil med skildring av dekadanse og fin de siècle-stemming



Bilete av den unge Arne Garborg, eller Aadne Eivindsson som han heitte då. Foto \*Nasjonalbiblioteket, biletsamlinga.

i hovudstaden. Folkevisestilen er, som nemnt, dominerande i *Haugtussa*, medan det er nytta bibelspråk, både gammaltestamentleg og nytestamentleg stil, i *Den burtkomne Faderen*.

Også innoem einskilde diktverk kan ein finna veksling mellom ulike stiltypar. Leif Mæhle (1969) har vist korleis Garborg i det sistnemnde verket hentar modellar både frå Salmane, Preikaren, Jobs bok og profetane, dessutan frå Jesus og apostlane si forkynning og frå Johannes' openberring. Med dette stilgrunnlaget skildrar han utviklinga til hovudpersonen Gunnar og møtet hans med broren Paulus.

I *Fred* (1892) kan ein på liknande måte sjå korleis Garborg skildrar utviklinga til einskilde personar, t.d. hovudpersonen Enok Hove, gjennom stilen, m.a. ved oppbygginga av setningane. Den religiøse omvendinga vert eit vendepunkt for Enok, noko som òg kjem til uttrykk på setningsplanet, ved atgjevinga av tankar og replikkar. Før omvendinga, når helvetesredsla plagar Enok, vert tankane hans atgjevne i korte setningar og setningsfragment, ofte utan samanbindande ord, og med mange spørsmål og utrop. Like etter omvendinga er det lange, velforma og ordrike setningar med samanbindande ord og retoriske vendingar som gjev att tankane hans. Mot slutten av romanen, når angsten tek Enok, er det den 'kortpusta' setningsbyggnaden som dominerer.

Viktige litterære stilretningar for Garborg som prosadiktar var naturalismen og impresjonismen, m.a. med krav om tidrette og truverdige miljøskildringar, og med framstilling av personane som resultat av det miljøet dei spring ut av. Dette pregar òg språkføringa, m.a. uttale- og bøyingsformer, ordval og setnings-

byggnad, dessutan oppbygginga av tekstane i større einingar – avsnitt og kapittel. Også namnebruken til Garborg kan seiast å vera i samsvar med naturalismens krav om truverdige miljøskildringar (jf. Særheim 2001a).

### Ord og uttrykksmåtar frå sørvestnorsk mål

At mange lesarar sit att med eit inntrykk av at Garborg skriv vestlandsmål, trass i at målforma i diktinga hans har grunnlag i midlandsmåla, har nok samband med at målføringa hans er svært stilsikker. På ein framifrå måte gjev han att norsk folkemål, både vestlands- og austlandsmål. Men eit slikt inntrykk har òg bakgrunn i at forfattaren har nytta mange ord og uttrykksmåtar som er særmerkte for vestnorske – særleg sørvestnorske – dialektar. Det gjeld både for Kristiania- og Jær-bøkene hans, særleg dei sistnemnde.

I ei skildring av austlandsnatur i romanen *Bondestudentar* (1883) har han t.d. nytta eit særmerkt jærord for 'eng, grasmark', nemleg *kjelve* f.: "Akersbygd di laag bleiknande og ven med sine Aakrar og Kjelvur millom Lundar og linne Bakkedrag" (Garborg 1980a: 121). Men også i dette ordet har han nytta fleirtalsending på *-ur*, med basis i midlandsmåla, som i andre ord av same bøyingsklassen.

Ordet *kjelve* f. finn ein òg i *Fred*, der det høver godt i skildringa av eit jærliknande innmarksterreng: "Nedyvi Bakkedraget i Sørhallet, laag Bøane, Aakrar og Vollar og vene Kjelvur, sundbytte med Steingjerde paa langs og paa tvers" (Garborg 1980b: 26).

I *Bondestudentar* finn ein òg verbet *higra*, som er vanleg i Ryfylke og på Jæren i tydinga 'flira, småle': "Johannes Ortvedt higra med" (Garborg 1980a: 83).

Ein kan knapt seia at bruken av ord som *kjelve* f. og *higra* vb. i denne romanen er spesielt utstikkande, sjølv om utbreiinga av desse orda i norske målføre er klart avgrensa.

I diktet "I Blåhaug" frå diktsyklusen *Haugtussa* (1895) heiter det om Veslemøy: "so stend ho uppi ein Alvedans-Ring" (Garborg 1980c: 128). Ordet *alvadans* m. har ein spesiell bruksmåte på Jæren. Det vert nytta om nedtrykte ringar i utmarka, gjerne i gammalt slåtteland. På slike stader heiter det – ifølgje tradisjonen – at alvane plar dansa i ring. Eigentleg er desse ringane i utmarka restar etter grøfter kring gamle høystakkar – eller 'hjelmar'. Det særmerkte jærordet *alvadans* med den tradisjonen som er knytt til det, høver godt i skildringa av gjetarjenta Veslemøy og førestellingane hennar.

Eit anna jærord for høystakktufter er *tjengar* m., som vel er utvikla av gno. \**hjalmgarðr* m. Det er mykje nytta i teignamn på Jæren, *Tjengaren* o.l. Føreleddet i gno. \**hjalmgarðr* m. er gno. *hjalmr* m. 'korn- eller høystakk med tak over'. Nemnet *hjel* m., uttala *tjelm* i Sørvest-Noreg, er vanleg i teignamn i Sør-Rogaland, i tydinga 'høystakk'. Garborg nyttar det i reise-skildringa *I Heiane*: "Her gror Graset sjølvo-seg; Sæbyggjen kann berre slaa og bera i Kjelm" (Garborg 1980d: 266).

Jamvel Alexander Kielland (1907: 426) har brukt ordet *hjel* m. i den agrare tydinga, nemleg i forteljinga *Sne* (1886), der det heiter: "Thi Forpagteren vilde heller sette Hø og Halm i Tjelmer end betro noget til det gamle Hus". Også han gjev att den sørvestnorske uttalemåten.

Flest ord som er karakteristiske for sørvestnorske

målføre, finn ein naturleg nok i skildringar av Jærlignande miljø, særleg i boka *Fred*, der språket – med unntak av bøyingsverket – gjerne kan kallast jærsk. Språkbruken i denne romanen tykkjest vera ein viktig del av sjølve miljøskildringa. Det gjeld spesielt bruken av ord, faste uttrykksmåtar og namn.

I *Fred* er det nytta ei rekkje ord som er særmerkte for dialektane på Sørvestlandet. Nokre av dei er sjølvstogt og nytta andre stader i Noreg, men samla sett peikar ordbruken i denne romanen mot Jæren og det nærast tilgrensande området. I somme samanhengar har orda jamvel fått ein skrivemåte som høver med jæruttalen.

#### **Viba, Hodn og Graudadag – sørvestnorske målføreformar**

Av dei mange fuglane som er omtala i *Fred*, er det ein som går att, nemleg *Viba*. *Vipa* vert gjerne rekna for å vera sjølve jærfuglen. Denne fuglen er omtala mange stader i romanen. Her finst òg samansette ord som *Vibeflokkar*, *Vibeskrif*, *Vibereir* og *Vibegg*. Jamvel den genuine utsegna for det jærsk varteiknet er teken med: "Vibo er kømo" (Garborg 1980b: 119).

Også dette fuglenemnet har fått fleirtalsbøying i samsvar med midlandsmåla: *Vibur* og *Vibune* (jf. Garborg 1980b: 111). Spesielt er det at forfattaren i dette ordet har nytta ein skrivemåte som svarar til den jærsk uttalen, altså med *b* for *p*. Når forfattaren har valt å skriva *Viba* og ikkje *Vipa*, som ein ville venta etter normeringsgrunnlaget i boka, må grunnen vera den spesielle stillinga som denne fuglen har i det miljøet som er skildra – altså førestillinga om at dette er jærfuglen.

I dette høvet kan den dialektnære skrivemåten seiast å vera noko av miljøskildringa – språket som ein viktig del av miljøet. Forfattaren har brote med det rettskrivingsprinsippet som er lagt til grunn for boka, men dette er tydelegvis eit medvite val, og den avvikande skrivemåten får ein litterær funksjon. Sjølv om to ulike målføregrunnlag kjem til uttrykk i former som *Vibur* og *Vibune*, nemleg *b* for *p* i samsvar med jærmålet, men *-ur* og *-une* etter midlandsmåla, kan ein knapt seia at former og skrivemåtar som *Vibur* og *Vibune* verkar sjølvmotstridande eller unaturlege.

Også nokre andre ord i *Fred* er skrivne i samsvar med jæruttalen, som *Hodn* ('horn'), med *dn* for *rn*, og *Graudadagen*, med *d* for *t* i ordet *graut*. Til vanleg skriv Garborg sjølvstogt *graut* m. med *t* og *horn* n. med *rn*. Ordforma *Hodn* førekjem i ei forteljing om eit fante-følgje: "i det Fylgjet var der ei gamall Kjering, ei utgamal ei, so skrukkut og gul som Hodn" (Garborg 1980b: 62). I ei ordforklaring nede på sida er det gjort greie for at dette ordet tyder "Horn". Førsteutgåva av romanen har forma *Honn* (Garborg 1892: 119). I dette høvet er det med andre ord utgåva i *Skriftir i Samling* som reflekterer den jærsk uttalen av vedkomande ord, medan førsteutgåva gjev att austnorsk uttalemåte.

Det samansette ordet *Graudadagen* er i romanen nytta om den andre dagen i eit bryllaup (Garborg 1980b: 19), heilt i samsvar med jærsk tradisjon og nemningsbruk. Denne dagen pla gjestene gå 'på garden', dvs. til andre gardsbruk innom matrikelgarden, medan hovudmåltidet for dagen, bruragrauten, vart førebudd (jf. Grude 1908: 31 f.). Det er nettopp på denne måten Garborg nyttar nemninga *Graudadagen* i *Fred*.

Også for orda *Hodn* og *Graudadagen* tykkjest den dialektnære skrivemåten ha bakgrunn i den spesielle bruken av vedkomande uttrykk og den funksjonen dei har i diktverket. Den genuine sørvestnorske – jærsk – uttalemåten er her ein del av uttrykka som høyrer med. Dette er medvitne litterære val som diktaren har gjort.

Fleire stader i romanen bruker elles Garborg uttrykket *paa Garden* på den gamle jærsk måten, nemleg om det som frå gammalt var ein gard (matrikelgard), men som gjennom åra har vorte delt opp i fleire gardsbruk – som gjerne låg samla i eitt tun (landsby). I *Knudaheibrev* (Garborg 1980e: 201) omset han dette uttrykket med "hjaa Grannane".

Også ved skrivemåten av somme sterke uttrykk ser det ut som Garborg i *Fred* stundom har ønskt å spegla ein jærsk uttalemåte. Når han t.d. nokre gonger skriv *Sattan* for banneordet *Satan*, og andre gonger *Satan*, må grunnen vera at han med den førstnemnde forma ønskjer å gje att ein uttale som svarar til den ekte jæruttalen. Denne forma er lagd i munnen til Napolon Storbrekke og Carolus Magnus, og ho førekjem i attgjevinga av dei sjuke tankane til Enok Hove (Garborg 1980b: 8, 12, 144, 158).

Også skrivemåten *Peinadø* (for *pinadø*) er lagd i munnen på Napolon. Her finn ein diftongering av den lange *i*-en i førstestavinga, eit språkdrag som førekjem på Jæren. På denne måten får forfattaren fram den grove språkføringa til Napolon – som ein del av personskildringa. Til vanleg vert replikkane og tankane til personane i *Fred* refererte i normert landsmålsform – altså ikkje i dialektform.

I siste delen av denne forteljinga tek Enok Hove i

bruk fleire sterke uttrykk, som *Sattan*, *Dævelen* og *Fenden*, t.d. med formuleringar som: "eg gjev Fenden i Guds Gaavur" (Garborg 1980b: 158). For det sistnemnde uttrykket har forfattaren skrivne *Fanden* i førsteutgåva, men *Fenden* i utgåva i *Skriftir i Samling*. Med skrivemåten *Fenden* i den sistnemnde utgåva ønskjer han truleg å gje att ein uttale av dette banneordet som enno er i bruk somme stader, m.a. på Jæren og i tilgrensande område, nemleg *Feen* og *Fen* (den sistnemnde m.a. frå Bjerkreim). Dette er truleg eldre og meir opphavlege former av dette banneordet, som eigentleg er ei presens partisipp-laging, svarande til *fienden* (gno. *ffjándinn*, laga til gno. *ffjá* vb. 'hata'). Dei meir vanlege formene *Fan*, *Faen*, *Fanden* o.l. er truleg nyare omlagingar, opphavleg eufemistiske – formildande – uttrykk, jf. Nes 1997.

Den mest gjennomførte attgjevinga av Jær-uttale i *Fred* finn ein i det verset som Serina syng for veslebroren sin, Vesle-Paulus, når ho skal få han til å sova:

Paa Daarafjedl'e  
paa Daarafjedl'e,  
der dansa baade Gjeide og Saue.  
Fyre gaar den, so i Pibaa blæs'e,  
ittepaa kjem Küssen den raue  
(Garborg 1980b: 93)

Denne strofa er eigentleg siste delen av ein bånsull som er brukt på Jæren. Det finst fleire variantar av han, jf. Fotland et al. 1980: 25. Garborg har nytta ein av variantane i *Fred*, skriven i målføreforma. Her er attgjevinga av jæruttalen heilt gjennomført, t.d. med *dl* for historisk *ll* i *Daarafjedl'e* (*-fjellet*), med *d* for *t* i *Gjeide* (*geiter*), med *b* for *p* i *Pibaa* (*pipa*), med *r*-bortfall i

presensforma av det linne verbet *dansa* (*dansar*) og i fleirtalsformene *Gjeide* (*geiter*) og *Saue* (*sauer*), med endinga *-å* i bestemt form eintal av det linne hokjønnsordet *Pibaa* (*pipa*), med svarabhaktivokalen *-e* i presens av det sterke verbet *blæs'e* (*blæs*), og med attgjeving av jæruttalen i ordet *ittepaa* (*etterpå*).

Diktaren har altså valt å gje att ein målføreversjon av denne bånsullen som fullt og heilt svarar til jæruttalen, og som gjerne kan heimfestast til Jæren ut frå målføregrensar som viser utbreiinga til dei ulike dialektmerka. Han kunne sjølvstund ha laga ein normert versjon i samsvar med det normgrunnlaget som elles er nytta i boka, men det har han ikkje gjort. Også i dette høvet tykkjest sjølv språkforma, med nøyen attgjeving av jærsk målføreuttale og brot med det grunnlaget for uttale og bøying som elles er brukt i boka, vera ein del av miljøskildringa.

Stundom har forfattaren, som nemnt, gjeve opplysningar om ordtydingar i fotnotar nede på sidene. I slike notar kan ein jamvel få rettleiing om korleis uttalen skal vera: "Jorina, Serina, Maria osfr., i det heile alle tristavde Ord, vert ut-tala med tvo tunge Stavingar og ei lett [...], *ikkje* Jorina, Maria osfr." (Garborg 1980b: 51). Med hjelpeteikn for vokallengda er det vist korleis uttalen skal vera. I same noten er det opplyst om "Tonefallet", dvs. tonelaget, for namna *Anna* og *Maria*. Desse opplysningane er heilt i samsvar med uttalen av dei nemnde kvinnenamna i nedervd jærmål – med trykk på førstestavinga og tonelag 2.

Også skrivemåten av somme namn i *Fred* – både personnamn og stadnamn – reflekterer sørvestnorsk målføreuttale, og er slik ein del av miljøskildringa. Det gjeld t.d. kvinnenamnet *Kjistina* og mannsnamna

*Andrias* og *Rasmis*. Uttryksmåtar som *Kornelius hans Helge* og *Per der nord* er òg i samsvar med jærsk namnebruk.

Fleire namn i denne romanen kan 'heimfestast' ut frå målføregrensar. Etternamnet til *Per Rudlevig* har utviklinga gno. *ll* > /dl/ i føreleddet *Rulle-*, og *k* > /g/ i etterleddet *-vig*, noko som tyder på at det høyrer heime i eit område som omfattar søre delen av Rogaland og ein liten tilgrensande snipp av Vest-Agder. Forfattaren har her valt å skriva *dl* for historisk *ll* i ordet *rulle* f. og *g* for historisk *k* i ordet *vik* f., heilt i samsvar med uttalen i det nemnde området.

#### **Røssegauk, Raudstelk og Heluna – nokre ord frå jærmålet**

I *Fred* har Garborg fleire gonger nytta fuglenemne som er særmerkte for jærdialekten, t.d. *Røssegauk* for 'bekkasin', *Steindilpa* for 'steindolp, steinskvetv', *Raudstelken* for 'raudstilk', *Heluna* for 'heilo' og *Aakerhøna* for 'åkerrikse'. Med skrivemåten *Raudstelken* har han dessutan gjeve att den spesielle uttalen med opning av *i*-en til *e* i sisteleddet *stilk* m.

*Heluna*, som er ein karakteristisk fugl for Jærlandskapet, går att i fleire av Jær-bøkene til Garborg. I *Fred* har han i ein note nede på vedkomande side gjort greie for kva for ein fugl det er tale om (Garborg 1980b: 60). Ein annan stad i romanen skriv han *Heiloi*. Elles finn ein det samansette ordet *Helunpip*.

Også mange ord for planter, jordbruk, husdyrhald og arbeidet på garden i denne romanen er henta frå oppvekstmiljøet til forfattaren. Av plantenemne kan nemnast *Baliblom* ('balderbrå'), *Bevregras* ('hjartergras'), *Leagrass* ('elvesnelle'), *Mellebær* ('mjølbær')

og *Raun* ('rognetre'). For det sistnemnde skriv han òg *Raunebærte*, jf. dessutan fleirtalsforma *Raunane* og det samansette *Raunbork*. I førsteutgåva skriv han ein stad *Rogn*, ein annan stad *Raunen*, dessutan *Rognbærte* (1892: 44, 142, 322). Eit anna typisk jærord er elles *Randlestav* ('stav av oretre').

For 'poteter' nyttar Garborg i denne romanen oftast nemninga *Eple*, altså 'jordeple', som svarar til ordbruken i jærmålet. Han har med fleirtalsforma *Epli*, dessutan samansette ord som *Eplegryta*, *Eplekaalet*, *Epleteigen* og *Eplekjellaren*, også det i samsvar med jærsk målbruk. For det sistnemnde skriv han ein stad *Potetkjellar*. Elles bruker han verbet *fysja* om å 'skrella' poteter. For frukta 'eple', altså eple som veks på tre, nyttar han uttrykket *Søteple*, slik det òg vert gjort på Jæren.

Eit ord for gardsarbeidet som høver med jærmålet, er *Vaarvinna*, nytta om 'våronna'. Om markstykke på gardane er det brukt ord som *Kjelvur* (*kjelve* f. 'eng'), *Forarne* (*for(d)* m. 'myrslått, myrlende med vassføring'; nytta i førsteutgåva) og *Fæn* (*fen* n. 'myrsump'). Alle tre er vanlege i nedervd jærmål og dei er mykje nytta i teignamn på Jæren. Det førstnemnde, *kjelve* f., vert oppfatta som eit typisk jærord – tradisjonelt er det ikkje nytta i Ryfylke eller Dalane.

Ordet *for(d)* m. har språkleg samband med verbet *fara* og svarar til etterleddet *-ford* i engelske stadnamn som *Oxford* og *Stratford*, og *-furt* i dei tyske *Frankfurt* og *Schweinfurt*. Ordet har svært avgrensa utbreiing i Noreg. Det er, ifølgje ordbøker, berre brukt på Jæren og i ein tilgrensande del av Dalane. I ein note i *Knudatheibrev* omset Garborg dette ordet med "lita Aa, Myrlendet ved ei slik Aa" (Garborg 1980e: 146). Der

omtalar han *Fóren* og *Fórane* på Garborg, som helst må reknast som teignamn. I ein annan note føyer han til at *Garborg-Fórane* "er oppdyrka no. Storfin Eng og Aaker" (op. cit. 158).

Av ord for husdyr som er nytta i *Fred*, kan nemnast *Bùjet* ('bufeet, buskapen'), *Kretur* ('krøtter'), *Braffe-beist* ('gammal hest') og *Smale* ('sauer'), jf. òg orda *Smalagarden* og *Fjoset* ('fjøsset'). Fleire av desse orda har forfattaren gjort greie for i notar nede på sidene, m.a. det førstnemnde, som i noten er skriva *Búj* (Garborg 1980b: 110), vel svarande til jæruttalen /'boie/. Denne uttalemåten er utvikla av den bestemte forma *buet*, gno. *búit* (av *bú* n. 'bufe').

Også skrivemåten *Kretur* tykkjest spegla jæruttalen, som er /'kretu:r/, med trykk på førstestavinga, tonelag 2 og lang t. Ordet *braffe* f. /'brafa/ vert i dette området stundom brukt nedsetjande om store kvinner, i tillegg til tydinga 'gammal hest'.

I førsteutgåva av *Fred* finn ein ordet *Mittingja* (1892: 68), svarande til bestemt form av ordet *mitting* f., som er vanleg i jærmålet. Nede på sida er det forklart som 'møkdungen'. I seinare utgåver er dette ordet bytt ut med *Mýk-Dungen* (1980b: 38). Eit tilsvarande innhald har ordet *Hævd*, som òg er nytta.

Knytt til arbeidet på gardane er elles ord som *molka* vb. ('mjølka'), *Tussa* f. ('stor tørkeplate til korn') og *Kvasteinen* m. ('bryne'). Alle tre svarar til jærsk ordbruk og uttalemåte.

Også ord for husvære, rom og møblar i husa i *Fred* svarar til den jærsk ordbruken. Bestemt form *Bui* av ordet *bu* f. er nytta om 'bestestova', slik det er gjort greie for i ein note (Garborg 1980b: 14). Her finst elles ord som *Buakammerse*, *Buasengi*, *Bislaget*, *Torvsku-*

*ten* og *Rótet*. Det sistnemnde er i ein note omsett med "Loftgolvet yvi Stoguromet" (op. cit. 160). Også uttrykket *til Husar* er nytta.

I *Knudaheibrev* (Garborg 1980e: 159 ff.) omtalar Garborg den gamle byggjemåten på Jæren. Også der nyttar han dei særmerkte orda i jærmålet for bygningar og rom i husa, ofte med attgjeving av uttalemåten. Han nemner m.a. den spesielle bruken av fleirtalsform, *Huso* (med tonelag 1) for 'heimehuset'. I tilgrensande målføreområde finst tilsvarande former, t.d. *husan* (med tonelag 1) i Dalane.

I *Fred* finst det ei rekkje andre ord og uttrykk for ymse tilhøve som Garborg har henta frå det målet han lærde som barn. Døma som følgjer, er berre eit lite utval: *Besing* ('bisling'), *Bidlund* ('tolmod'), *Driling* ('å dra seg seint og uvillig'), *fellt aat han* ('fortener noko, har godt av det'), *Flaat* ('feitt som flyt'), *Heigraskap* ('halda skøy'), *i Herota* ('galskap, fiasko'), *Jog* ('jau'), *Kakjesbok* ('katekisma'), *putlar og stèl*, *putlar og drikk* ('driv på med steling/drikk'), *skjøytten* ('uvørden'), *slaa Trebonius* ('halda gøyemeleik'), *solka seg* ('sola seg'), *Spøt* ('strikketøy'), *trast* ('straks', ikkje brukt i førsteutgåva), *Vannari* ('la gå, det er ikkje så nøye').

### Avslutning

Mange sider ved språkforma, språkføringa og stilen i diktinga til Garborg fortener nærstudium. Setningsbygningen er eit interessant granskingsfelt, t.d. når det gjeld naturskildringar, skildringar av ymse opptrinn, og – ikkje minst – attgjevinga av formuleringane og tankane til ulike personar i romanane. Oppbygginga av setningane tykkjest i nokre høve ha samband med utviklinga til personane.

Ved gransking av skrivemåten, bøyingsformene og ordbruken i *Fred* vil ein både finna drag frå midlandsmål og jærmål. Når det gjeld uttale og bøyingsmåte, ligg førsteutgåva av denne romanen (1892) nærare jærmålet enn seinare utgåver, t.d. utgåva i *Skriftir i Samling* (1908/09, 1921/22). I den sistnemnde er midlandsmålet gjennomført. Når det gjeld bruk av ord og uttrykksmåtar, er tilpassinga til jærmålet dominerande både i førsteutgåva og i seinare utgåver. På dette feltet har forfattaren faktisk i ein skilte høve styrkt jærinnslaget i seinare utgåver av denne romanen.

Den målkunnige og målmedvitne diktaren Arne Garborg har i delar av forfatterskapen sin, særleg i romanen *Fred*, nytta mange særmerkte ord og uttrykksmåtar frå det målføret han voks opp med. Den lokalmerkte språkbruken er eit klart stilistisk og litterært middel, t.d. i miljøskildringar. I dei aller fleste høva har forfattaren ved skrivemåten og bøyingsformer normert orda etter det grunnlaget han elles har nytta i bøkene, dvs. etter midlandsmålet, men i ein skilte høve har han

### Litteratur

- Dale, Johs. A. 1950. *Studiar i Arne Garborgs språk og stil*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Fotland, Borgny et al. 1980. *Minnest du? Barnesongar og leikar. Rim og regler*. Utg. av Time Bondekvinnelag. Bryne.
- Garborg, Arne. 1980a; b; c; d; e; f. *Verk*. 1; 5; 7; 8; 9; 12. Red. Sveinung Time. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- . 2001. *Dagbøker frå Labråten*. I utval ved Tor Obrestad. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Grude, J[oakim]. 1908. *Jæderen. Kulturhistoriske Skildringer fra det 19de Aarhundrede*. 2. Stavanger.
- Kielland, Alexander L. 1907. *Samlede Værker* 2. Mindeudgave. Kristiania.
- Mæhle, Leif. 1969. Arne Garborg: "Den burtkomne Faderen".

– som eit litterært middel – gjeve att den jærsk uttalemåten.

Den omfattande bruken av ord og vendingar frå jærmålet i nokre av diktverka til Garborg verkar ikkje utstikkande, men er – tvert om – ein ressurs og eit viktig stilmiddel som diktaren nyttar på ein raffinert måte til å skapa stor kunst. Ved å skriva slike ord og uttrykk i samsvar med det normgrunnlaget som elles er nytta i bøkene, er Garborg med på å gjera jærmålet til skriftspråk – til eit norsk riksmål. Dette skriftspråket har drag frå fleire norske målføre, ikkje berre frå midlandsmål og sørvestnorsk mål.

Ved gransking av språkforma og språkføringa i dei skjønnerlitterære verka til Garborg, t.d. i *Fred*, kan ein finna svar på kva som ligg i orda hans om at han let forma retta seg etter innhaldet, eller som han skriv i dagboka si for 5.3.1908:

I sjølve mi naturalistiske Tid laut eg laga mi Form sjølv [...] Emne og Form maa samsvara. (Garborg 2001: 144)

*Norsk litterær årbok 1969*. 24–39.

Nes, Oddvar. 1997. Fanden. *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*. Red. Jarle Bondevik et al. 122–28. Bergen: Alma Mater.

Stavland, Hanne de Vries. 1994. *Julius Röntgen og Edvard Grieg. Et musikalsk vennskap*. Bergen. Alma Mater.

Særheim, Inge. 2001a. *Daniel Braut og Gabriel Gram*. Nokre drag ved namnebruken i Arne Garborgs diktning. *Maal og minne* 2001. 91 - 112

—. 2001b. *Aadne Maalstrævar*. Målreisaren Arne Garborg. *Sjå Jæren*. Årbok for Jærmuseet 2001. 86 - 105

Ved tilvisingar til Garborgs verk er utgåva frå 1980 nytta, men i tekstsitata er det brukt stor førebokstav i substantiv og grafemet *aa* – slik Garborg sjølv skreiv.